Jotunheimen nasjonalpark
Utladalen landskapsvernområde



ÅRSMELDING 2005

Statens naturoppsyn – Jotunheimen
Fylkesmannen i Oppland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Jotunheimen nasjonalpark
Utladalen landskapsvernområde

Årsmelding 2005

Føreord

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart oppretta i 1980. Den første årsmeldinga for verneområda kom i 1991 og har sidan vore årleg. Dette er såleis den 15. årsmeldinga frå området. Årsmeldinga for 2005 er i hovudsak utforma etter den malen som har vore nytta dei siste åra. Som tidlegare byggjer meldinga i fyrste rekkje på registreringar og inntrykk frå dei som har drive uteaktivitet/oppsyn. Fylkesmannen i Oppland og fylkesmannen i Sogn og Fjordane står for den delen av årsmeldinga som gjeld utøving av forvaltningsmynde. Hovudformålet med årsmeldinga er å gje ei samla framstilling av det arbeidet som er utført, forvaltningssituasjonen, bruken av områda og dei naturfaglege tilhøva i Jotunheimen og Utladalen.

Opplaget er på 100 eksemplar.

Statens naturoppsyn - Jotunheimen
Fylkesmannen i Oppland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

SNO – R 35 – 2006

Framsidebilde: Tamrein frå Lom mot Skarveflya, Reinrose
Foto: Jan Stokstad
Framsidebilde: Folk på tur i Gjertvassdalen
Foto: Thor Østby

INNHALD

1. Innleiing **s. 3**

2. Status og aktivitet **s. 4**

2.1. Grenser og grensemerking s. 4
2.2. Verneforskrift, forvaltningsplan og skjøtselsplanar s. 4
2.3. Informasjon, skjøtsel og tiltak s. 5
2.3.1.Informasjon s. 5
2.3.2.Skjøtsel/tilrettelegging s. 6
2.3.3.Registrering/dokumentasjon s. 8
2.4. Tiltak som har fått særlege tilskot s. 9
2.5. Sakshandsaming s. 9
2.6. Ferdsel s. 9
2.6.1.Ferdsel til fots og på ski s. 9
2.6.2.Motorferdsel s. 10
2.7. Reiseliv/kommersiell verksemd/arrangement s. 10
2.8. Landbruk s. 11
2.9. Dyr, fugleliv og jakt s. 11
2.10. Bygging og andre inngrep s. 11
2.11. Forsking/registrering s. 12
2.12. Forsøpling, skader og ulemper s. 12

3. Oppsummering - hovudinntrykk frå nasjonalparken og landskapsvernområdet i 2005 **s. 12**

4. Administrasjon **s. 12**

4.1. Forvaltning s. 12
4.2. Organisering av naturoppsynet s. 13
4.3. Personell s. 14
4.4. Møte/synfaringar/kurs som direkte vedkjem forvaltning og oppsyn s. 14
4.5. Arbeidssamandrag s. 15

Vedlegg: Adresser til tilsynsutval i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde s. 16

Adresser og telefon til fylkesmenn s. 16

Adresser og telefon til oppsyn s. 17

Internettadresser s. 17

1. Innleiing

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart vedteken ved Kgl. res. 05.12.80. Verneområda ligg i kommunane Lom, Vågå og Vang i Oppland fylke og i kommunane Årdal og Luster i Sogn og Fjordane fylke. Arealet utgjer i alt omlag 1.450 km ^{2}.

I samband med fredingsvedtaket vart det vedteke verneforskrifter for områda. Formålet med Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde går fram frå verneforskriftene pkt. III:

> **"Formålet med nasjonalparken er å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forsking."**
>
> **"Formålet med landskapsvernområdet er å verne eit vilt og vakkert vestlandslandslandskap med naturmiljø og kulturminne i tilknyting til Jotunheimen nasjonalpark, samstundes som områda skal kunna nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske."**

Formålet med vernet er retningsgjevande for forvaltninga av områda. Oppsynsarbeid, medteke skjøtsel og informasjon, skal fremje formålet med vernet.

Det vart utarbeidt eigen forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsverneområde i 1998.

2. Status og aktivitet

2.1. Grenser og grensemerking

Grenseskilta ved dei mest nytta innfallsportane og turstiar vart kontrollerte. Nokre grenseskilt blir kvart år erstatta med nye.

2.2. Verneforskrift, forvaltningsplan og skjøtselsplanar

Parallelt med revisjon av verneforskriftene vart det sett i gang arbeid med å revidere forvaltningsplanen for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsverneområde. Arbeidet med revisjon av forvaltningsplan og verneforskrifter starta opp i 2004, og held fram i 2005. Det blei oppretta ei referansegruppe med representantar frå alle dei 5 tilsynsutvala, Statskog, SNO, repr. frå private grunneigarar og Den Norske Turistforening. Tilsynsutvala har kome med innspel til dette arbeidet på fellesmøta.

Det ligg føre 2 godkjente skjøtselplanar for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsverneområde. Det er skjøtselsplan for Heimre Utladalen og skjøtselsplan for Gjendebuområdet.



SNO sin skjøtselstraktor i drift ved Vetti Gard Turiststasjon.

Kulturlandskapsskjøtsel i heimre Utladalen har funne si form. Heimre Utladalen er karakterisert som eit av dei best forvalta kulturlandskapsområda i Sogn og Fjordane.

Det er lagt ned mykje arbeid i oppryddingstiltak og rydding av vegetasjon i samband med skjøtselsplan for Gjendebuområdet.
Skjøtselstiltaka blir utført etter planen som FM gjennom Miljøfagleg utredning fekk utarbeidt, mellom anna kartlegging av biologisk mangfald i området.





Skjøtselsarbeid ved Gjendebu.

2.3. Informasjon, skjøtsel og tiltak

2.3.1. Informasjon

I 2005 informerte oppsynet direkte om lag 1975 personar.

Oppsynet gjennomførte/støtta opp fleire informasjonsopplegg for skular:
- 7. klasse i Lom på tur i Veodalen
- 8. klasse i Lom på tur i Utladalen med overnatting på Avdalen Gard
- friluftsgruppa på Lom vidaregåande, m.a. sporing i Visdalen
- vegleding av 45 skuleelevar i samband med undervisningsopplegg for Utladalen
- vegleding av 36 studentar frå NLH, i Utladalen
- forelesning for 50 studentar ved HINT avd. Finsås

Elles har oppsynet delteke og informert på fleire arrangement. Det har vore informert om stiprosjektet ved fleire høve.

I Norsk Fjellmuseum/Jotunheimen nasjonalparksenter har Reinen, folket og fjellet**,** Norsk Høgfjell, Jotunheimen-, Jaktvåpen- og Mammut-utstillingane vore opne for publikum.

Norsk Fjellmuseum tok initiativ til eit samarbeid med Lom Knipsarlag og Vågå Kameraklubb om ei lokal fotoutstilling sommaren 2005, ”Friluftsliv i Jotunheimen”. Utstillinga var meint som eit ledd i markeringa av Friluftslivets år 2005 og 25-årsjubileet til Jotunheimen nasjonalpark. Utstillinga vart opna fredag 17.juni.

Norsk Fjellmuseum har hatt leiar- og sekretærjobb for arbeidsgruppa for skilting under Nasjonalparkriket. Sluttrapporten for dette arbeidet blei levert i mars 2005, og styringsgruppa godkjende rapporten og vedtok at den skal leggjast til grunn i den overordna tiltaksplanen for prosjektet.

Norsk Fjellmuseum fekk i oppdrag frå DN å gjennomføre eit pilotprosjekt som går på å utvikle nasjonalparksenteret som kompetansesenter. Det vart i 2005 gjort ei brukarundersøking retta mot dei viktigaste reiselivsaktørane rundt Jotunheimen, for å kartlegge interessa for eit nærare samarbeid med nasjonalparksenteret. Norsk Fjellmuseum laga ein informasjonsperm om Jotunheimen nasjonalpark, som vart plassert ut hos om lag 30 utvalde reiselivsbedrifter. Innhaldet i permen vart presentert for nokre av reiselivsbedriftene på informasjonsmøtar i Utladalen Naturhus og i Norsk Fjellmuseum. I desse møta deltok representantar frå Fylkesmannen i Oppland, Sogn og Fjordane, SNO og fjellstyra. Informasjonspermen blei prøvd ut og evaluert i etterkant og rapport oversendt til DN.

I samband med Friluftlivets år 2005 var Norsk Fjellmuseum medarrangørar for ”Geologiens dag” i Dumdalen, laurdag 3. september.
Geolog Ole Lutro frå NGU i Trondheim deltok og fortalde om geologien i området og det var lagt opp guiding inne i grottane. Lom fjellstyre sto for kaffekoking. Om lag 45 personar deltok på turen som gjekk i strålande ver.

Av andre arrangement og aktivitetar i Fjellmuseet kan nemnast vinterfestivalen ”Barske glæder”, 10.-12.mars 2005, som er eit arrangement for grunnskuleelevar i Lom, Skjåk og Vågå. Dette vart arrangert i fellesskap med Museet i Nord Gudbrandsdal, SNO, Lom fjellstyre og Naturopplevingar. Fredag var det aktivitetsdag utanfor Norsk Fjellmuseum med bål, lavvo, taugbane over Bøvra og oppgåver inne i museet. Arrangementet vart avslutta med skidag på Soleggen.

Norsk Fjellmuseum var medarrangør for Lomskonferansen 2005 som gjekk av stabelen i midten av februar. Temaet for konferansen var: ”Nasjonalparkar og næringsutvikling - frå festtalar til praktiske tiltak”.

Årboka for Norsk Fjellmuseum/Jotunheimen nasjonalparksenter for 2005 er eit samarbeidsprosjekt mellom Norsk Fjellmuseum, SNO, DNT og Cappelen forlag. Boka er ei turhandbok for Jotunheimen nasjonalpark, og den fyrste i serien av bøker om nasjonalparkar i Noreg. Lanseringa av boka vart lagt til Norsk Fjellmuseum 5. desember, saman med markering av at det er 25 år sidan Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde blei oppretta.
I tillegg var det eit foredrag frå ein av deltakarane i den norske ekspedisjonen til verdas nest høgaste fjell, K2, sommaren 2005.
Tal besøkjande i Fjellmuseet i 2005 var 6679 personar (7902 personar i 2004).

Utladalen Naturhus markerte den europeiske nasjonalparkdagen 21.-22. mai. I naturhuset er det gratis inngang.

2.3.2. Skjøtsel/tilrettelegging

Oppsynet utfører kvart år faste skjøtseltiltak som renovasjon, ettersyn av tidligare utførte tilretteleggingstiltak og ettersyn/vedlikehald av grenseskilt og informasjonstavler.

Stiftinga Utladalen Naturhus koordinerar skjøtsels- og informasjonsarbeidet i Heimre Utladalen. Skjøtselstiltak i Utladalen er som tidlegare vidareført med bakgrunn i utarbeidd skjøtselsplan for området (godkjent i 1998).
Utladalen har som ein av få stader i Norge tilbod om praksis og arbeid om sommaren for studentar som ledd i vidareutdanning. 10 praktikantar/studentar var engasjert i skjøtsel- og informasjonsarbeidet.
Det er sett i gang arbeid med ei totalrestaurering av kløvstien opp til Avdal Gard. Arbeidet starta opp i mai med hjelp frå m.a. mannskap frå ”Stiprosjektet i Jotunheimen”.



Råket frå Krossbu til Bøverbreen er ein viktig infallsport til breane i området.
Lom fjellstyre har lagt halvklovninger av tømmer som gangbane på dei blaute partia av råket, for å motvirke auka terrengslitasje.

I juli 2005 fekk SNO og Lom fjellstyre på plass ei aluminiumsbru over Leira.

Skjøtselsarbeid Krossbu.

<u>”Stiprosjektet i Jotunheimen”</u>



Det har vore stor aktivitet rundt ”Stiprosjektet i Jotunheimen” i 2005. Prosjektgruppa som består av SNO – Jotunheimen, Lom- og Vågå fjellstyre, DNT og Fylkesmannen i Oppland, har hatt fleire samlingar/møter. Rigmor Solem deltok på kurs i Snowdonia National Park i mai, saman med 7 tilsette i ”Stiprosjektet”. Prosjektgruppa var på studietur til Preikestolen i Rogaland. I veke 32 var det eit arbeidsteam frå Snowdonia på gjestearbeid ved Gjendesheim.





Fylkesmann Kristin Hille Valla og miljøvernminister Knut Arild Hareide.

Den offisielle opninga av "Stiprosjektet" var den 15. juli. Her deltok prosjektgruppa, miljøvernminister Knut Arild Hareide, Fylkesmannen i Oppland og ordførarane i Lom og Vågå.

Arbeidet med tilrettelegging av råket frå Gjendesheim opp mot Besseggen kom godt i gang.

<u>Forskjønning av området rundt brygga ved Memurubu og ved Gjendebu.</u>



Ved bryggja på Memurubu vart det utført utbetring av strandkanten langs vegen inn til bryggja, terrenget vart høgda og det vart mura ut mot vatnet.

Ein fekk og jamna ut skråninga på innsida av vegen. Her vart det oppført to toalett med tette tankar til bruk for dei reisande. Tiltaket var eit spleiselag mellom Gjendebåten AS, Memurubu Turisthytte og FM i Oppland. Det er laga til ein lagune for tømming av toalettet på turistbedrifta sitt område.

Bryggja på Memurubu.



Ved Gjendebu vart beitelaget si bryggje fjerna. I samband med dette vart strandkanten pynta opp.
Gjendebåten AS sto for opprydning og steinlegging av strandkanten på den fyllinga som bryggja deira står på ved Gjendebu.

Bryggja på Gjendebu

Av andre gjennomførte tiltak nemnast:

- frakta ut gamle strenger nytta til bru over Utla i Storutladalen
- tilrettelagt med latriner på vangane ved Gjendebu
- oppført ny løe ved Hagaberg ved Avdalen (Petter Løvdahl)
- fullført arbeidet med ny Dalasteigløe ved Avdalen (Stiftinga Avdal Gard)
- gjennomført skjøtsel i tilknyting til parkeringsområdet ved Hjelle og langs Vettisvegen (Stiftinga Utladalen Naturhus)
- transportert ut gjerdestolpar, piggtråd og netting frå stigen opp mot Knutshø



Dalasteigløa ved Avdalen.

2.3.3. Registrering/dokumentasjon



I samband med oppsynsarbeidet blir naturtilstanden registrert og dokumentert m.a. for å kunne følgje med i utviklinga i området over tid.
Vidare blir faste installasjonar og kulturminne registrert.

På den nye stigen mellom Gjendebu og Torfinnsbu i området ved Veslådøla, er det registrert betydeleg skade/slitasje.
Behovet for revurdering av traseen er meldt inn til Fylkesmannen.

Slitasje på stigen mellom Gjendebu og Torfinnsbu.

Følgjande utførte oppgåver nemnast:

- vilt og bestandsregistrering med hovudvekt på rovvilt (rovvilt etter Nasjonalt overvakingsprogram).

2.4. Tiltak som har fått særlege tilskot

Følgjande tilskot vart gjeve til særlege tiltak i nasjonalparken og landskapsvernområdet:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane		
SMIL tilskot frå landbruksavdelinga til Utladalen Naturhus	kr.	211.300
Fylkesmannen i Oppland		
• oppbygging av Nasjonalparkrute, Nasjonalparkriket	kr.	100.000
• restfinansiering av arbeidet med mur, brygge Memurubu	kr.	80.000
• registrering av kulturminnar i Jotunheimen, tilsk. til Oppl. F.kommune	kr.	28.000
Statens naturoppsyn:		
• Lom ungdomsskule til undervisningsopplegg i Utladalen	kr.	9.800
• skjøtsel Gjendebu	kr.	5.600
• Klopper Smørstabbreen	kr.	6.000
• parkeringsplass/info.tavler Leirvassbu	kr.	55.300
• parkeringsplass Leirvassbu og ny bru over Leira	kr.	8.800
• Sluttføring Leirvassbu, tilrettelegging Krossbu og Juvasshytta-platået	kr.	62.000
• Skjøtsel Utladalen	kr.	85.000
• Stiprosjektet i Jotunheimen	kr.	1.375.000

2.5. Sakshandsaming

Fylkesmennene handsama 20 saker som galdt verneområda (9 saker i Oppland, 11 saker i Sogn og Fjordane).

2.6. Ferdsel

2.6.1. Ferdsel til fots og på ski

Ferdsel i vestlege deler av verneområdet har ikkje endra seg vesentleg dei siste åra. Det ein kan registrere er at det er fleire som tek dagsturar inn i område utanom sjølve sesongen.
Det er framleis meir trafikk i området nord for Eidsbugarden i tida i- og rundt vinterferien. Dei siste åra har det vore ei auke i bruken av området rundt Skogadalsbøen av jegerar, både storvilt- og småviltjegerar. Ved Gjende har parkeringstilhøva betra seg ved at Reinsvangen er meir brukt. Parkeringsplassen ved Vargebakken er mykje nytta, og det var mange som gjekk tur over Knutshø. Elles fylgjer dei fleste turgåarane T-merka stiger. Aktivitetane til dei kommersielle selskapa har vore om lag som før, eller ein liten nedgang.

Tal transporterte turistar med båtane på Gjende var omlag 33.300. Nærare 80% løyste billett til Memurubu og ca. 20 % til Gjendebu.




Fig. 1. Overnatting i turisthyttar i- og utanfor verneområdet.

Det er ei hytte innafor nasjonalparken som ikkje er med. Det er og nokre i grenseområdet som ikkje er med.

2.6.2. Motorferdsel

Det vart handsama 7 saker for Sogn og Fjordane, 3 av dei galdt helikopter og 4 snøskuter. Alle søknader om motorferdsel i Sogn og Fjordane fekk løyve i 2005. I Oppland vart det handsama 6 saker, og det vart gjeve 5 dispensasjonar. 4 av dei galdt snøscooter og 1 helikopter.
Oppsettet nedanfor viser omfanget av motorferdselsakar dei 7 siste åra.

Motorferdselsaker 1999-2005:

	Tal søknader							Tal løyver						
	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005
Snøskuter	9	7	7	5	7	9	6	8	7	7	5	6	8	5
Båt	2	0	0	2	2	1		2	0	0	2	2	1	
Helikopter/fly	9	6	9	1	5	4	4	4	6	9	1	5	2	4
Bil/barmark	5	5	10	2	2	1		5	5	8	2	2	1	
Andre	1	3	2	3	0	0	2	1	2	1	3	0	0	2
Sum	26	21	28	13	16	15	12	20	20	25	13	15	12	11

I rubrikken ”andre” inngår fleirårig løyve gjeve til DNT i samband med drifta av turisthyttene og turrutenettet (bil, båt, snøskuter) og fleirårig løyve gjeve til NVE i samband med transport av måleutstyr til undersøking av bre.

2.7. Reiseliv/kommersiell verksemd/arrangement

Med ”Fjellmeldinga” ynskte regjeringa å opne for auka miljøtilpassa turistverksemd som ikkje er i konflikt med verneformåla i nasjonalparkane. Nokre område skil seg ut som særleg etterspurde i reiselivsamanheng, som Besseggen, Galdhøpiggen, Smørstabbreen, Store Skagastølstind i Hurrungane og Koldedalen med m.a. Uranostind og Falketind.

Forvaltninga legg vekt på å ha god kontakt med dei som driv organiserte turopplegg.

Det vart også dette året arrangert to telemarksrenn i nasjonalparken, eit i Visdalen i Lom, ”Galdhøpiggrennet”, og eit ved Turtagrø i Luster, ”Tinderittet”. Oppsynet registrerte ikkje uheldige

tilhøve i samband med arrangementa. Fylkesmannen i Oppland gav i 2002 fornya 3-årig løyve til å arrangere "Galdhøpiggrennet" med eit deltakartal avgrensa til 350, i 2005 deltok vel 300.
"Tinderittet" fekk nytt 3-årig løyve i 2003, med eit tak på 350 deltakarar. "Fannaråken Duathlon", ein kombinert sykkel- og løpskonkurranse fekk løyve for 3 år frå 2005.

2.8. Landbruk

Storådalsdrifta hadde 132 storfe på beite i Veslådalen-Storådalen-området. I Veodalen var det 71 storfe, 13 merrer med hingst frå Gudbrandsdal fjordhestlag og 5 føll. I Memurudalen beitte lausfe frå Sveine og i Visdalen sau frå Nigard Sulheim. Utladalen sameige hadde sau på beite i Gjertvassdalen,-/Guridalen-/Kongsdalen-området, dei har hatt om lag 600 sauer der i 2 sesongar nå.

I samband med kulturlandskapskjøtsel gjekk det 50 sauer på beite ved Skåri og ved Vetti i Utladalen.

Lom tamreinlag og Vågå tamreinlag nyttar dei austlege områda av nasjonalparken som beite for tamrein. Talet på rein er stabilt med til saman om lag 4500 rein i vårflokk (tal på rein etter slakteuttak).

Utladalen Naturhus, Skåri

2.9. Dyr, fugleliv og jakt

Området vest for Utladalen blir nytta av villrein frå Vest-Jotunheim-stamma. Bukkane i villreinstammen har nytta området aust for Hurrungane fast, dei vart rekna til 72 dyr denne sommaren. Stamma låg på omlag 400 rein. Trekk og beiteområda for villreinen i nasjonalparken er avgrensa og det er viktig at tilhøva blir lagt til rette for at desse ikkje blir redusert.

I Luster sin del av verneområda vart det felt 4 reinar og 1 elg. I Årdal sin del av verneområda vart det felt 2 elgar og 3 hjortar (-området Vettismorki / Hjelledalen / Avdalen / Stølsmaradalen). Elg- og hjortestamma i Utladal-området blir vurdert til å vere stabil. Ved Gjende var det ikkje elgjakt.

Det vart også i 2005 gjennomført bestandsregistrering av jerv. I grenseområda til nasjonalparken i Lom, vart det konkludert med ei jerveyngling. Dette var den fyrste registrerte jervynglinga i området i "nyare tid".
Det er ikkje rapportert om synsobservasjonar eller sporteikn frå fjellrev.

Bestandane av fugl synest å vere stabilt når ein tek med "naturlege" svingingar frå år til år.

2.10. Bygging og andre inngrep

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane hadde ei slik sak i 2005:

Avslag på utslepp av organisk avfall frå Fanaråkhytta.

Fylkesmannen i Oppland hadde følgjande saker:

- Løyve til reparasjon av bru over Tjønnholåe på ruta mellom Glitterheim og Gjendesheim, Blåtjønnåe på ruta mellom Glitterheim og Memurubu, og i Veslådalen, samt nødvendig transport i samband med tiltaka.
- Løyve til ny brygge på Memurubu for Gjendebåten.

I arbeidet med P-plass i Koldedalen i Vang kommune er det ikkje skjedd noko pga. manglande avtale med grunneigarane.

2.11. Forsking/registrering

Det blir gjennomført forsking og naturovervaking innanfor nasjonalparken. Mykje av dette er knytt til vurdering av breaktivitet og naturtilhøve som kan kaste lys over verknader av klimaendringar. Verksemda vert drive av NVE og universiteta. NVE har hatt målingar på Storbreen, Heillstugubreen og Gråsubreen gjennom fleire tiår. I ein rapport frå NVE med målingar frå for eksempel Hellstugubreen, ser ein at denne breen har hatt ein netto avsmelting på 900.000 m^3 vatn i 2005.

2.12. Forsøpling, skader og ulemper

Oppsynet registrerer kvart år utviklinga i området som gjeld m.a. slitasje og søppel. Generelt er det lite søppel i området. Det vart rydda noko søppel i Besseggråket, langs med Gjende, ved Bessvassosen, ved startpunktet for Tinderittet og andre plassar med stor ferdsel. Det vart transportert ut gjerdestolpar, piggtråd og netting frå stigen opp mot Knutshø. Gamle strengar som var nytta til bru over Utla i Storutladalen vart frakta ut. Det ligg att restar etter gamal bru ved Tavla.

Det er registrert markslitasje på/ved nokre av dei mest nytta leirplassane og turrutene også i 2005, t.d. på råket mellom Spiterstulen og Leirvassbu og på råket frå Spiterstulen til Svellnosbreen. På den nye strekninga mellom Gjendebu og Torfinnsbu i området ved Veslådøla er omfanget av skade/slitasje på turruta stor. Utlegging av kavledekke i Vetlutladalen fungerar, men det er behov for å leggje ut litt meir dekke. Stigen mellom Skogadalsbøen og Vettismorki ber preg av slitasje/erosjon, her er det behov for ny kavlelegging.

2 personar vart meldt til politiet for ulovleg snøskuterkøyring. Det vart gjeve 5 åtvaringar.

3. Oppsummering - hovudinntrykk frå nasjonalparken og landskapsvernområdet i 2005

Tilhøva i verneområda verka stabile både i høve til naturtilstanden og tal besøkjande. Nokre stader er det tydeleg og sterk slitasje som bør følgjast opp. Ein registrerar ei aukande attgroing og skoggrense som kryp oppover, og sett i eit lengre perspektiv kan denne utviklinga få konsekvensar for flora og fauna. Dyre- og fuglelivet er stabilt og variasjonar i bestandane synest normale. Ved planlegging av tilretteleggingstiltak skal det takast omsyn til dyre- og plantelivet. Til dømes skal det takast spesielt omsyn til villreinstamma i Vest-Jotunheimen.

Samla for heile året verka ferdsla for å vere stabil. Det vart registrert ei lita auke i Vest-Jotunheimen, i Utladalen med utgangspunkt Eidsbugarden, og i området rundt Skogadalsbøen av jegerar, både storvilt- og småviltjegerar. I Gjendeområdet er det registrert mange som går over Knutshøe. Det er truleg noko mindre kommersiell føring. Dei sentrale områda av verneområda blir lite nytta til friluftsaktivitetane jakt og fiske.

4. Administrasjon

4.1. Forvaltning og naturoppsyn

Forvaltning og naturoppsyn i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsverneområde er organisert slik:

- Fylkesmannen i Oppland og Sogn og Fjordane er forvaltningsstyresmakt for nasjonalparken og landskapsverneområdet. Dei står for (forvaltnings-)planlegging og handsaming av dispensasjonssaker i medhald av verneforskrifta.
- Statens Naturoppsyn (SNO) har ansvar for alt oppsyn, som inneber informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering, dokumentasjon og kontroll.

I kvar kommune (Årdal, Luster, Lom, Vågå og Vang) som har areal i verneområda er det eit tilsynsutval. Utvala er statlege, men blir valde av dei einskilde kommunane. Det er eigne retningsliner for tilsynsutvala si verksemd. Dei har uttalerett i dei fleste sakene i verneforskriftene. Utvala skal følgje med i at forvaltninga skjer i samsvar med intensjonane. I tillegg til at tilsynsutvala har eigne møte har dei eit fellesmøte kvart år. Der blir tilhøva i verneområda, forvaltning og oppsyn evaluert og diskutert, også i eit framtidig perspektiv.

4.2. Organisering av naturoppsynet

SNO er fast etablert med lokalkontor på Norsk Fjellmuseum/Jotunheimen nasjonalparksenter i Lom og på "Klukkarhaugen" i Vang.

Bakgrunnen for SNO er *Lov om Statleg naturoppsyn* som vart vedteken 21.06.96. Statens naturoppsyn vart oppretta ved kongeleg resolusjon 25.10.96.
Formålet med SNO er å ivareta nasjonale miljøverdiar og førebyggje miljøkriminalitet. SNO skal ikkje gjera vedtak etter verneforskrifta, men drive oppsyn etter lov om statleg naturoppsyn, det vil seie utøve oppsyn etter 7 særlover (lakse- og innlandsfiskelova, viltlova, naturvernlova, motorferdsellova, friluftslova, kulturminnelova og delar av forureiningslova) og gje rettleiing og informasjon. Vidare kan SNO drive skjøtsel, registrering og dokumentasjon i tillegg til at Miljøverndepartementet kan gje andre oppgåver. Når forvaltningsstyresmaktene ønskjer det gir SNO faglege innspel til sakshandsaminga (lokalt, regionalt eller nasjonalt). Dette kan til dømes vere innspel om naturtilhøva i eit område.

SNO er organisert som ei eiga avdeling i Direktoratet for naturforvaltning i Trondheim. Til saman var det pr. 31.12.05 i alt 36 lokalkontor med til saman 41 SNO-stillingar. Desse er knytt til dei store verneområda i Sør-Noreg, verneområda på kysten, som koordinatorar for rovviltarbeid og arbeid med skadefelling. SNO har ein samarbeidsavtale med Statskog om kjøp av oppsynstenester frå Fjelltjenesten i Nord-Norge. I tillegg vert det kjøpt inn tenester frå andre aktørar som fjellstyra og Skjærgårdstjenesten. I rovviltarbeidet er det engasjert om lag 209 rovviltkontaktar.

Arbeidsoppgåvene til SNO i nasjonalparken/landskapsvernområdet dekkjer eit vidt fagfelt:

- ivareta nasjonale miljøoppgåver
- kontroll i høve til lover, forskrifter og anna regelverk, samt vilkår i enkeltvedtak/løyver
- førebyggje miljøkriminalitet
- rettleiing og informasjon
- praktiske skjøtselsoppgåver av ulik art
- registrering og dokumentasjon
- opplærings- og kompetansetiltak
- samordning av ulike oppsynsordningar

Arbeidsoppgåvene blir prioritert og utført med bakgrunn i sentrale føringar, innspel frå forvaltningsstyresmaktene, brukarar og oppsynet sine eigne erfaringar.

Der lokale SNO-stillingar er etablerte verkar dei i tillegg til eksisterande, gode oppsynsordningar, og utvikling/styrking av samarbeidet med desse er ei viktig oppgåve.
Til å utføre arbeidsoppgåvene vart det kjøpt oppsynstenester frå Lom Fjellstyre, Vågå fjellstyre, Vest-Jotunheimen Fjellføring , Luster kommune og private.

4.3. Personell

Følgjande personell har teke del i oppsynstenesta i Jotunheimen (arbeidsgjevar i parentes):

Personar i oppsynstenesta:	
• naturoppsyn (Statens naturoppsyn) 01.01. – 31.12 :	Esben Bø
• naturoppsyn (Statens naturoppsyn) 01.01. – 31.12 :	Rigmor Solem
• fjelloppsyn Lom (Lom fjellstyre) tenestekjøp kr. 125.000:	Odd Repp (hovudansvarleg) Øyvind Angard
• fjelloppsyn Vågå (Vågå fjellstyre) tenestekjøp kr. 85.000:	Knut Øyjordet (hovudansvarleg) Erik Myrum
• fjelloppsyn Luster (Luster kommune) tenestekjøp kr. 80.625:	Einar Fortun
• Utladalen Naturhus v/Petter Løvdahl kr. 73.000 :	Petter A Løvdahl
• Vang (privat) tenestekjøp kr. 76.000:	Thor Østbye

Tenestekjøpet dekkjer også oppsyn i nokre mindre verneområde i regionen.

Sakshandsamarar hos fylkesmennene var rådgjevar Tom Dybwad (Sogn og Fjordane) og overingeniør Harald Klæbo (Oppland).

4.4. Møte/synfaringar/kurs som direkte vedkjem forvaltning og oppsyn

Rapport frå arbeidsgruppa for skilting i- og rundt nasjonalparkar gjennom prosjektet ”Nasjonalparker i Nord-Gudbrandsdalen”, ”Nasjonalparkriket ”, kom med sin sluttrapport i mars 2005.

Den Europeiske nasjonalparkdagen vart markert i Årdal 21.-22.mai.

Det årlege planleggingsmøte i oppsynstenesta vart gjennomført 21. juni i Lom. Med bakgrunn i innspel frå forvaltingsstyresmakta og budsjett vart tiltak diskutert og prioritert.

Feltsamlinga for oppsynet, med m.a. evaluering av arbeidsinnsatsen, vart arrangert 16.-17.august på Gjendebu. I tilknyting til samlinga vart det utført skjøtselsarbeid i Gjendebu-området.



Frå befaring ved Styggedalsbreen.



Reinsgrav i Styggedalen

Fellesmøtet for tilsynsutvala, som gjekk over to dagar, 19. og 20.september, vart lagt til Turtagrø. Fyrste dag av samlinga var avsett til synfaringar med tur til Styggedalsbreen og Koldnosi/Skagadalen. Einar Fortun, Anders Fortun og Kjartan Kvien ledet synfaringa der ein såg på m.a. kulturminnar knytta til gammal reinsfangst, kvartærgeologi, slamuttak/deponering frå inntaksted for kraftverk og slitasje etter telting v/Tindeklubbhytta.

Kjartan Kvien fortalte om arbeidet sitt med registrering av kulturminnar i Vest-Jotunheimen.
I orienteringa frå tilsynsutvala vart det særleg lagt vekt på prosessen med revidering av forvaltningsplan.
Dagen etter starta fellesmøtet med oppsummering av oppsynsarbeidet i 2005. Gjennomførte tiltak er teke inn i avsnitt 2.3.2. i årsmeldinga.

Frå fylkesmennene vart det orientert om arbeidet med revisjon av verneforskrifter og forvaltningsplan, arrangement i nasjonalparken, Utladalen som nasjonalpark, stiprosjektet i Jotunheimen, status for landskaps- og tiltaksplan for Memurubu turisthytte, infopunkt for nasjonalparkruta, skjøtselsplan Gjendebu, Skagastølsbu som naudbu, tiltak v/ Store Skagastølstind, parkeringsplass Koldedalen i Vang, skjøtselplan for Utladalen, Gjendebåten, og motorferdsel – spesielle saker.

DNT orienterte om ymse tiltak i nasjonalparken, mellom anna ønskje om bru over Gjertvasselva for folk som skal på Gjertvasstind, ombygging av lager for ved og proviant på Olavsbu, med oppstart i 2006.

4.5. Arbeidssamandrag

Det arbeidet oppsynstenesta utførte i 2005 var på om lag 510 dagsverk (om lag 480 dagsverk i 2004). Av dette var 235 dagsverk (226 dagsverk i 2004) kontorarbeid, administrasjon møter og kurs og 275 dagsverk (254 dagsverk i 2004) synfaring/tilsyn/skjøtsel og reise/klargjering. Tal dagsverk utført av oppsynstenesta gjekk opp med om lag 30 dagsverk frå 2004 til 2005. Det meste av uteaktiviteten var som tidlegare konsentrert til sommaren. Frå Lom fjellstyre, Vågå fjellstyre, Luster kommune, Vest-Jotunheimen Fjellføring og Vang vart det kjøpt oppsynstenester for kr. 439.600.

Arbeid Statens naturoppsyn har utført utanom Jotunheimen og som ikkje kan knytast til Jotunheimen er ikkje teke med. Det same gjeld sakshandsaming utført av fylkesmennene eller administrativt arbeid utført av SNO. Fylkesmennene brukte til saman om lag 4 månadsverk på forvaltninga av Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, da er ikkje arbeidet med forvaltningsplan og ”Stiprosjektet” inkludert for FM-Oppland.




Fig. 3 Arbeid oppsynstenesta utførte i 2003, 2004 og 2005

Vedlegg

Adresser til tilsynsutval i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde

Lom kommune: Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark i Lom
Adresse: postboks 94, 2688 Lom
Leiar: Jon Sjurgard, 2686 Lom
Sekretær: fjelloppsyn Odd Repp

Vågå kommune: Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark i Vågå
Adresse: postboks 16, 2684 Vågå
Leiar: Sverre Bråten, 2682 Lalm
Sekretær: fjelloppsyn Knut Øyjordet

Vang kommune: Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark i Vang
Adresse: fjellstyrekontoret, 2966 Slidre
Leiar: Geir Moen, 2975 Vang i Valdres
Sekretær: fjelloppsyn Endre Hemsing

Årdal kommune: Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i Årdal
Adresse: Årdal kommune, P.b. 40, 6881 Årdalstangen
Leiar: Vidar Sylvarnes, 6884 Øvre Årdal
Sekretær: Gunvor Nordås

Luster kommune: Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i Luster
Adresse: Einar Fortun, Luster kommune, 5820 Gaupne
Leiar: Anders Fortun, 5833 Skjolden
Sekretær: fjelloppsyn Einar Fortun

Adresser og telefon til fylkesmenn

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, postboks 43, 6861 Leikanger, tlf. 57 65 50 00

Fylkesmannen i Oppland, Serviceboks, 2626 Lillehammer, tlf. 61 26 60 00

Adresse og telefon til oppsyn

Statens naturoppsyn Jotunheimen:
Kontor Norsk Fjellmuseum, 2686 Lom, telef. 61211699,
mob. 95722733

Kontor Klukkarhaugen, 2975 Vang, telef. 61367171, mob. 94736975

Fjelloppsyn Lom: Odd Repp, Lom fjellstyre, 2686 Lom, telef. 61211670, mob. 91697613
Øyvind Angard, Lom fjellstyre, 2686 Lom, telef. 61211670,
mob. 48179109

Fjelloppsyn Vågå: Knut Øyjordet**,** Vågå fjellstyre, 2680 Vågå, telef. 61237040,
mob. 90966277
Erik Myrum, 2680 Vågå, Vågå fjellstyre, telef. 61237040,
mob. 90739335

Fjelloppsyn Vestre Slidre (Vang): Endre Hemsing, Vestre Slidre fjellstyre,
fjellstyrekontoret 2966 Slidre, telef. 61345000, mob. 95288222

Fjelloppsyn Luster: Einar Fortun, Luster kommune, 5820 Gaupne, telef. 57685500,
mob. 97622053

Aktuelle/nyttige internettadresser:

www.jotunheim.no

www.naturoppsyn.no

www.fjell.museum.no

www.utladalen.no

postmottak@fmop.no

postmottak@fm-sf.stat.no